



## Sammen for vannet

Høringsdokument 1:

### **Planprogram** for regional vannforvaltingsplan 2022 -2027 vannregion Vest-Viken

## Skjema for høringsinnspill

Du kan bruke dette skjemaet til å gi innspill til planprogrammet. Innspillene vil hjelpe oss med å legge ein god plan for å hente kunnskap om ditt lokale vannmiljø og utarbeide en god forvaltingsplan. Alle innspill er viktige! Vi foretrekker innspill på e-post. Det er allikevel anledning til å sende innspill per post. Se adresser nedenfor.

**Frist for høringsinnspill: 30. juni 2019**

**Send innspill til:**

**Vannregionmyndigheten for vannregion Vest-Viken**

Buskerud fylkeskommune

Postboks 3563

3007 Drammen

e-post: [postmottak@bvk.no](mailto:postmottak@bvk.no)



## Skjema for høringsinnspill - planprogram

Navn:	Aust-Telemark vassområde
Organisasjon/sektormyndighet (om relevant):	
Adresse:	Tinn kommune Postboks 14 3661 Rjukan
E-post:	liv.rigmor fla@tinn.kommune.no
Telefon:	41700503/ 95924602
Dato:	

### Vi ønsker særlig svar på følgende spørsmål:

- Er det tydelig når og hvordan ulike myndigheter skal delta i planlegginga?

*TIPS. Tidsplan for arbeidet med vannforvaltingsplanen er vist i Figur 2. Plan for deltakelse og medvirkning er vist i punkt 8.3 og tabell 2.*

Planprogrammet viser på ein tilstrekkeleg måte når og korleis dei ulike myndigheitene skal delta i planlegginga. Figur 2, som gjev ein oversikt over framdrifta i arbeidet med oppdateringa av forvaltningsplanen, er vanskeleg å lese på grunn av utydeleg skrift.

I tabell 8.3 under «Plan for deltakelse og medvirkning» bør også vassområda vera oppført som målgruppe saman med sektormyndigheiter, interesseorganisasjonar m.m.

- Er det tydelig når og hvordan ulike interessenter kan medvirke i arbeidet fram mot revidert og oppdatert forvaltningsplan og tiltaksprogram?

*TIPS. Plan for deltakelse og medvirkning er vist i punkt 8.3 og tabell 2. Er det behov for å vise tydeligere mulighetene for medvirkning i arbeidet? Har dere ønsker og tips om hvordan vi får til bedre medvirkning?*

Det bør gå fram på ein konkret og praktisk måte korleis ålmenta, brukarinteresser, grunneigarar og næringsinteresser kan bidra i arbeidet med oppdatering av forvaltningsplanen. Vidare bør det opplysast om kva kanalar som vil bli nytta ved informasjon om møte, befaringar m.m. i den vidare prosessen.

Opne møte og synfaringar med fokus på problemstillingar i lokale vassdrag, gjerne med gode eksempel på at tiltaksgjennomføring har ført til eit betre vassmiljø, er ofte ein god måte å skape lokalt engasjement og medverknad.

➤ Hvordan bør vi organisere arbeidet i de nye vannregionene (hhv. Vannregion Øst og vannregion Vestfold-Telemark) etter 1.1.2020?

*TIPS. Forslag til organisering arbeidet i de nye vannregionene er drøftet i kapittel 6. Forslag til organisering er vist i figur 7. Er du enig i forslaget, eller har du forslag til andre løsninger?*

Aust-Telemark vassområde meiner at forslag til ny organisering av vassregionen i pkt. 6.1 har fleire hensiktsmessige endringar i høve til dagens organisering.

Det er positivt at den politiske styringsgruppa på vassregionnivå ikkje er fjerna i forslaget til ny organisering, noko som var drøfta i prosessen med utarbeidinga av planprogrammet. I høve til dagens organisering, blir Vestfold-Telemark ein liten vassregion med færre fylkeskommunar, og det bør derfor vurderast om det kan vera hensiktsmessig med fleire enn to politikarar frå kvar fylkeskommune i styringsgruppa.

Det er foreslått at ein politikarar frå kvar fylkeskommune skal delta i arbeidsgruppa med rolle som observatør. Aust-Telemark vassområde meiner i utgangspunktet at politkarar ikkje bør delta i arbeidsgruppa, og at frivillige lag og organisasjonar heller bør vera representert på dette nivået. Dette vil også føre til meir medverknad i vassforvaltningsarbeidet.

For at vassregionutvalget ikkje skal bli for stort, stiller vi oss bak forslaget om at leiarane av vassområdeutvalga (d.v.s.leiarane av styringsgruppene i vassområda) stiller i vassregionutvalget, i staden for at alle kommunane skal møte med ein representant.

I Telemark har fylkeskommunen hatt samlingar for vassområdekoordinatorane sidan arbeidet etter vassforskrifta starta, og dette har vore ein viktig faktor for framdrift og suksess for vassforvaltningsarbeidet i Telemark. Det er naturleg at dei fylkesvise samlingane fell ut når vi går inn i Vestfold-Telemark vassregion, og vi ser det som svært positivt at det i forslag til ny organisering er etablert eit formelt vassområdeforum mellom vassområdekoordinatorar og vassregionmyndigheit som kan erstatte dei tidlegare fylkesvise samlingane.

➤ Er det behov for å justere grensene for vannområdene?

*TIPS. I kapittel 6.2 åpner vi for innspill til endringer i inndelingen av vannområder. Har du forslag til endringer, i så fall fint om du begrunner forslagene dine.*

Ved gjennomgangen av vassområdeinndelinga i Telemark i 2015, kom m.a desse synspunkta fram under drøftinga i Aust-Telemark vassområde:

- Lokal forankring kan gå tapt dersom vassområda blir for store (t.d. heile Telemarksvassdraget).
- Viktig med nokonlunde like problemstillingar innafor eit vassområde, lokalt engsjement kan gå tapt dersom vi får store område med ulike problemstillingar.
- Bør tilstreve inndeling (etter nedbørfelt) på ein måte som medfører at kommunane blir med i færre vassområde.
- Det bør vurderast om heile austre del av Telemarksvassdraget bør inngå i Aust-Telemark vassområde, d.v.s. at grensa blir flytta frå utløpet av Tinnsjø ned til Heddalsvatnet. Bakgrunnen for forslaget var at dette kan vera naturleg ut frå

verdensarvstatusen for Notodden og Rjukan knytta til vasskraft og industribygging i austre del av Telemarks-vassdraget.

**Konklusjon:** Vassområda i Telemark er godt fungerande vassområde der kommunane har fått positiv erfaring med å samarbeide om vassforvaltnings saker. Aust-Telemark vassområde meiner at det må tungtvegande grunnar til å endre vassområde-grensene i velfungerande vassområde, og at ei endring for å samle kraftproduksjon og industribygging i verdensarven til eitt vassområde, ikkje er ein god nok grunn til grenseendring.

➤ Er det tema eller utredninger som mangler i planprogrammet?

*TIPS. Kapittel 9 omtaler tema som vi tenker å jobbe meir med når vi skal oppdatere vannforvaltingsplanene, og for å kunne utrede konsekvensene som planen vil ha på miljø og samfunn. Er du enig i forslagene, eller mangler det noe?*

Aust-Telemark vassområde ser det som viktig at det blir mest fokus på tema som kan gje ny kunnskap om dei største påverknadene på vassmiljøet, som vasskraft og urban utvikling.

I NVE-rapport 49:2013 er det gjort ei prioritering av kva vassdragskonsesjonar som kan reviderast, som i praksis betyr kva vassdrag som kan prioriterast for minstevassføring og magasinrestriksjonar. Grunnlaget for prioriteringa er gjort ut frå naturverdiane i vassdraget, og kva krafttap ein vil få ved innføring av minstevassføring eller magasinrestriksjonar. Aust-Telemark vassområde meiner at naturverdiane i mange vassdrag vart for lite vektlagt i den nasjonale prioriteringa, og at det vart nytta ein relativt høg standardverdi (Q95) for minstevassføring. Sidan rapporten legg føringar for kva vassdrag som kan få innført minstevassføring og magasinrestriksjonar, meiner vi at det er behov for ein gjennomgang av premissane for prioriteringa og ei oppdatering av rapporten.

➤ Er det mangler i det foreslåtte programmet for konsekvensutredninger for miljø og samfunn?

*TIPS. Kapittel 10 foreslår en metode og program for konsekvensutredning. Er du enig eller mangler det noe?*

Planprogrammet bør ha eit meir konkret og praktisk program for konsekvensutgreiing, og vi forventar at programmet blir konkretisert når dei nasjonale føringane frå 19.03.2019 og resultat frå scenarikonferansen blir lagt til grunn i det endelege planprogrammet.

➤ Har dere innspill om konkrete tiltak som bør vurderes og utredes, og eventuelle prioriteringer i det vidare planarbeidet?

*TIPS. Kapittel 11 omtaler prioriteringer for arbeidet fram mot oppdatert vannforvaltingsplan og tiltaksprogram. Har dere forslag til andre eller flere tiltak og prioriteringer for å bedre vannmiljøet som vi bør vurdere/utrede?*

I Vann-Nett er det avmerka mange avfallstippar og deponi i vannregion Vest-Viken-nett, men berre eit fåtal av desse har ein definert tilstand, noko som betyr at påverknaden på vassmiljøet frå desse avfallsdeponia er ukjent. Det bør derfor vera ei prioritert oppgåve i neste planperiode å foreta undersøkingar av gamle deponi og avfallstippar for å fastslå kva tilstand dei har, og å gjennomføre naudsynte tiltak for å

heve miljøtilstanden til gamle avfallsdeponi som ikkje tilfredsstillar krav om grenseverdier ved utlekking av miljøgifter, nærings salt m.m.

- Er det ønskelig med en regional planbestemmelse knyttet til vannforvaltingsplanen (plan- og bygningsloven §8-5)?

*TIPS. Det er anledning til å fastsette planbestemmelser i den regionale vannforvaltingsplanen knyttet til retningslinjer for arealbruk, for eksempel forbud mot bygging i visse område (etter plan- og bygningslovens §8-5). Kommunene, fylkeskommunen og andre planorgan må legge regionale planbestemmelser til grunn i sin planlegging og saksbehandling. Er det ønskelig med planbestemmelser i vannforvaltingsplanen og vil det bidra til å sikre en betre vannforvaltning?*

- Har dere andre kommentarar og innspill

*TIPS. Her kan dere gi tilbakemelding på det dere meiner er bra med planprogrammet og det som ikke er så bra eller som mangler. Kom gjerne med konkrete forslag til forbedringer.*

I oppdatert vassforskrift (14.01.2019) er det i §10 teke inn at mindre strenge miljømål skal reviderast ved oppdatering av planen. Det er positivt at dette er påpeika i planprogrammet.

Dei nasjonale føringane for vassforvaltningsarbeidet innafor ulike samfunnsområde kom for seint til at dei kunne innarbeidast i utkast til planprogram som er sendt på høyring, og vil derfor bli innarbeidd i planprogrammet etter at høyringa er ferdig. Samtidig med at dei nye føringane kom, vart det meldt at dei nasjonale føringane for regulerte vassdrag frå 24.01.2014 fortsatt skal gjelde. I tillegg til at dei nasjonale føringane skal innarbeidast i planprogrammet, bør planprogrammet også henvise til rettleiaren for sterkt modifiserte vassførekomstar, her det m.a. framgår at Noreg brukar «tiltaksmetoden» for å fastsetje miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar (miljømålet blir sett etter ei vurdering av kva effekt ein kan oppnå etter at alle realistiske tiltak er gjennomført, d.v.s. at den samla økologiske effekten av dei realistiske tiltaka utgjør godt økologisk potensiale).

I dei nasjonale føringane for regulerte vassdrag står det m.a. at skiljet mellom 1.1 og 1.2 i den nasjonale gjennomgangen av konsesjonar som kan reviderast innan 2022 (NVE-rapport 49:2013), representerer ei overordna nasjonal kost-nytte vurdering, og at dersom vassregionmyndigheita meiner at vassdrag i kategori 1.2 (eks. Mår/ Gjøyst) skal prioriterast, må dette begrunnast. Vest-Viken vassregion gjorde ei regional vurdering og prioritering av alle regulerte vassdrag i arbeidet med forvaltningsplanen 2016-2021. Vurderingane vart gjort etter den same metoden som den nasjonale gjennomgangen hadde nytta. I den regionale gjennomgangen vart det m.a. lagt til grunn mindre minstevassføringar enn i den nasjonale gjennomgangen, noko som førte til mindre krafttap og høgare prioritet. Likevel vart alle forslag om minstevassføring og magasinrestriksjonar i planen avvist av KLD i den sentrale godkjenninga av forvaltningsplanen 2016-2021. Det bør derfor gå tydeleg fram av planprogrammet kva for kriterium og premisser som kan leggest til grunn for vurderingane i ein ny regional gjennomgang av regulerte vassdrag.

Vassregionkoordinator i Vest-Viken slutta i jobben 01.04.2019 og det har ikkje kome signal om at det vil bli tilsett ny koordinator i tida som gjenstår fram til den nye organiseringa av regionane trer i kraft 01.01.2020. Vassregionkoordinator har ein viktig funksjon, og arbeidet i vassregionen vil sannsynlevis bli nokså mangelfullt utan ein fungerande koordinator. Aust-Telemark vassområde ser det som viktig for arbeidet

i vassområda at oppgåvene til vassregion Vest-Viken vil bli løyst på ein tilfredsstillande måte også i resten av 2019.